



Thomas Eik - snart 93 men framleis sprek. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det har no gått ut invitasjon til dei i Kvinnherad som står på lista for FN-operasjonar til å delta i Den nasjonale veterandagen og Frigjeringsdagen søndag 8. mai. 7 er frå Uskedalen. Her i bygda blir det veterangudsteneste og

**kulturhistorisk rundtur med buss klokka 14 og klokka 18
er det felles veteransamling
med mat på Solheim Turiststasjon.**

Verksemdsleiar Kristian Bringedal, som leiar arbeidsgruppa, skriv at dei særleg vil sette priis på om veteranane vert med på Solheim. Det trengs det førehandspåmelding og arrangørene stiller med skyss hvis det trengst.

Hvis veteranane har minner eller effekter frå tda som veteran er det ønskeleg at dei tar det med og det er også ei oppmoding om å ta på medaljar.

Påmeldingsnummeret er 915 31 487 eller ein kan nytta e-post kristian.olav.bringedal@kvinnherad.kommune.no

Frigjeringsdagen skal og omfatta veteranar frå fredsbevarande operasjonar i utlandet - i FN-teneste og som ein del av NATO-styrkane - og dette er uskedelingane som er inviterte:

Knut Inge Halvorsen (Kosovo)

Bjarne Lilleaas (Libanon)

Odd-Arne Lærum

Steinar Myklebust (Gaza)

Harald Raudstein (Gaza)

Endre Nilsen (Libanon)

Thomas Eik (Milorg)

Bringedal ønskjer at veteranar som dei førebels ikkje har nådd, melder frå snarast. Det finst ikkje attlevande sjøfolk som segla under krigen og heller ingen som vart mobiliserte i 1940.

Men Thomas Eik på Eik i Uskedalen

som var aktiv motstandsmann i Kvam. lever . Han blir 93 år i september, men er framleis sprek og lovar å stilla opp under veterandagen.

Eik var målar det meste av sitt yrkesaktive liv med unnatak av dei siste 14 åra, då han var ansatt i Sørøst.

Han var busett i Norheimsund då han vart engasjert i Milorg. Han ønskjer ikkje å gje detalj-opplysningar om kva tenesten der innebar, men han var i kontakt med Gestapo 4 gonger utan at han vart arrestert eller leid nokon overlast.

Difor har han heller ikkje hatt nerveproblem etter krigen.

Med tanke på eit militært oppgjer til slutt vart uskedelingen oppsatt som bomekastar, men det oppdraget slapp han altså.

Det er meininga at Veterandagen skal bli ei årviss markering som heile samfunnet deltek i som ei påskjøning..

Lista vart lagt ut på Husnesnett i dag med oppmoding om å melda inn namn som manglar. No er det omlag 50 namn på lista.

Lista har ikkje med namn frå Tysklandsbrigaden og veteraner frå 2. verdenskrig.

- Dette vart gjort slik fordi vi mangla liste over FN-styrkane. Det er eit mål at vi får med representantar frå alle veterangruppene, seier Bringedal.

Av Ola Matti Mathisen